



Bo Arkitekter AS
Fantoftvegen 16
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/163 - 17/34426

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2017

Vedkomande krav til opparbeiding av fortau - gbnr 188/757 Gjervik ytre

Administrasjonen syner til brev datert 23.11.2017 vedkomande etablering av fortau.


I rammeløyve datert 27.04.2017 er det sett krav til opparbeiding av fortau før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

I brev frå Dykk er det etterspurt svar på korleis dette er heimla. Vidare stilles det spørsmål kor faktisk plassering er tiltenkt.

Vi syner til føresegn 3.2 siste punkt i Reguleringsplanens føresegn:

«Det skal etablerast fortau langs O_SV frå avkøyrsla til B1 og fram til tomtegrense i nord. Fortau skal vera på plass før det vert gjeve bruksløyve til bustader.»

Det går fram av dette at fortau er tiltenkt etablert fram til tomtegrensa i nord og fram til avkøyrsla for B1 i sør.



Utsnitt til venstre over syner plankartet for Knarvik terrasse. Det er i nord merka av ei del som går over nabotomta i nord, gbnr 188/701. Slik vi forstår Dykkar brev er det denne det vert stilt spørsmål til.



Administrasjonen si vurdering er den at kvar einstilte tomt skal stå for utbygging av fortau langs si tomt. Den delen av fortauet som går over tomtegrensa til gbnr 188/701 er eit overlappingspunkt mellom tomtane, for å sikre at fortau også vert vidareført for tomt i nord.

For å sikre at fortau vert ført langs heile veggen og samstundes sikrar trygg passasje for gåande er det naudsynt at føresegn 3.2 i reguleringsplan vert føljt opp og fortau førast opp fram til tomtegrensa for gbnr 188/701.

Ved ei framtidig utbygging av gbnr 188/701 kan ein ikkje sette krav til etablering av fortau på anna manns grunn, herunder gbnr 188/757 og samstundes krevje eventuell omlegging av etablerte røyr i grunnen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bo Arkitekter AS

Fantoftvegen 16 5072

BERGEN